



Eva Megyesi er ein verdfull ressurs i det kvinnhenske musikkliv.

Kvinnherad har ein særskild dugande kantor i Eva Megyesi. I tillegg til at ho er ein framifrå organist under gudstenester bidrar ho svært mykje også i andre samanhengar. Ho arrangerer m.a. eigne kyrkjemusikkfestivalar. Dessutan dirigerer ho Rosendal songlag. Positiv og engasjert som ho er, er ho ein stor ressurs i det kvinnhenske musikkliv.

Kvinnherad har ikkje eige kyrkjekor. Det syns Eva og mange andre at vi bør ha, og derfor vil ho gjera noko med det. Ho ønskjer å starta opp med eit kyrkjekor for medlemmer frå heile Kvinnherad frå hausten av. Det vert ei to-timars øving i veka. Aktuell øvingstid er måndag eller tysdag frå kl.18 eller 19. Fleirtalet av medlemmene bestemmer dette. Øvingstad vert i Uskedal kyrkje.

Eva seier at repertoaret kan vera samansett av alt som inngår i kyrkjemusikken. Det kan vera liturgiske sanger, gamle og nye salmar både norske og internasjonale, og litt gospel. Ho seier at det er så mykje fint å velja i innan kyrkjemusikken.

Eva understrekar at dette vert eit supplement, og slett ikkje ein konkurrent, til eksisterande kor. Dirigentjobben kjem til å gå inn i hennar kantorstilling, og ho håpar mange melder seg på til koret frå heile kommunen. Påmeldinga vil bestemma om koret vil ha 3 eller 4 stemmer. Ho ser for seg at koret kjem til å ha om lag to konsertar årleg, - ein i juletida og ein i påsketida. Dei som ønskjer å vera med i koret, eller har spørsmål, kan ta kontakt med Eva Megyesi, på mobil 955 20 899 eller på epost micacica@online.no.

Då er det berre å håpa at mange interesserte melder seg. Ein ting er i alle fall sikkert. Dei får ein positiv, engasjert og dugande dirigent.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen